



Kulturarv: Bjørn Lognvik (t.v.) og Torstein Kongshem driv Lognvikgardane, som ein ser i bakgrunnen. Drifta er basert på husdyr og turisme, derfor er dei uroa over skytebaneplanane kommunen har rett rundt svingen. Foto: Åshild Emma Solbjør

Planlegg skytebane side om side med freda gardstun, drektige kyr og over hundre hytter

+ Torstein Kongshem leiger ut det freda gardstunet på Lognvik Søndre til folk som set pris på fred og ro, og Bjørn Lognvik på nabogarden har drektige kyr ute på beite. Begge er uroa over planane om ein skytebane rett ved Lognvikgardane.

Åshild Emma Solbjør

aashild@vtb.no

Publisert: 27.08.2024 11:00



Det er fire utandørs skytebanar i Vinje, men alle desse ligg over tjue kilometer frå Rauland sentrum. Rauland skyttarlag hadde tidlegare ein skytebane på Rukkemo, men den har blitt avvikla. Rukkemo-Torvetjønn er eit av områda med tyngst hytteutbygging i Vinje kommune.

Skytebane	Type	Avstand Rauland sentrum
Øyfjell skytebane	100 m og 200 m	23 km
Kvasshaug skytebane, Bøgrend	100 m	26 km
Møsstrand skytebane	100 m	23 km
Arabygdi skytebane	100 m	27 km

Fire banar: Det er fire utandørs skytebanar i Vinje. I tillegg er det også innandørs skytebanar i Åmot, Rauland og Øyfjell.

reguleringsplan for den nye skytebanen, og la denne ut på høring i vår. Over førti høyringsuttalar har kome inn, og særleg eitt tema uroar mange:

Artikkelen held fram under annonsen.



TILBUD! Se flere gode tilbud

79⁹⁰

Norvegia
TINE, original/lett, 830 g Førris: 122,00–129,00


SPAR

Støy.

For steinbrotet på Gothol har fjell på tre kantar og vatnet på den fjerde sida, noko naboane fryktar at vil forsterke støyen frå skytinga.



Flatt og fint: I dette nedlagde steinbrotet ønskjer Rauland skyttarlag å lage skytebane. Foto: Åshild Emma Solbjør



Skisse: Denne teikninga er utarbeidd av Rieber Prosjekt AS, og viser korleis skytebanen er tenkt plassert på tomta. Det er teikna inn støyvollar på kvar side av

Drektige kyr ved standplassen

Bonde Bjørn Lognvik på Lognvik Nordre har drektige kyr på beite berre tretti meter frå den planlagde standplassen på skytebanen.

– Å ha drektige kyr med den støyen av og på, det er rett og slett øydeleggande, seier Lognvik.



Storfebonde: Bjørn Lognvik (t.h.) har kring 150 storfe på garden Lognvik Nordre, og er avhengig av beiteområda kring garden. Desse grensar heilt opp mot standplass på den planlagde skytebanen. Foto: Åshild Emma Solbjør

Garden hans har freda bygningar, der einskilde av dei er ni hundre år gamle, og utleige av overnatting med jakt- og fiskerettar er ei viktig inntektskjelde for han.

– Ein skytebane her øydelegg heilskapen i å kunne utnytte ressursgrunnlaget på garden, slår bonden fast.

På nabogarden Lognvik Søndre har dei drive med utleige av freda bygningar heilt sidan 60-talet, og dei har også bygd selskapslokalet Lognvik fjellstove. Torstein Kongshem er andre generasjon som driv her. Han leiger ut eldhuset på garden til ein murar frå Oslo, geitefjøset til ein kar frå Stavanger og stabburet til ein skøyteløpar frå Bergen.

– Eg er redd gjestene ikkje vil koma hit lenger viss det blir skytebane på Gothol, seier Kongshem.

Artikkelen held fram under annonsen.



Fryktar følgene: Torstein Kongshem er redd gjestene ikkje vil ha så lyst til å bu på Lognvik Søndre dersom dei får ein skytebane til nabo. Gardstunet har freda bygningar

Dette vil få konsekvensar langt ut over at utleigehusa står tomme. For det freda gardstunet med bygningar frå 1600- og 1700-talet vert halde ved like med pengane som kjem inn frå utleige til turistar. Kongshem har tjuefem tak å halde tette, og tek eitt tak i året.

– I år er det stallen sin tur.

Slik er det også for Lognvik, som har atten tak å halde tette. Begge gardeigarane ser det som eit samfunnsansvar å ta vare på kulturarven på Lognvikgardane, og med inntekter frå utleige og utgifter til vedlikehald går reknestykket omtrent akkurat i null. Dette fryktar dei at vil endre seg dersom skytebanen blir bygd.

– Då er me er redd gjestene ikkje vil koma hit.

Uteblir turistane så vil vedlikehaldsarbeidet stoppe opp, og arbeidsplassane til 6-7 sesongarbeidarar står i fare for å forsvinne, poengterer dei to. Det same gjer oppdraga dei gjev til lokale snikkarar, elektrikarar, rørleggarar og andre handverkarar. Dessutan vil færre gjester på Lognvik-gardane bety færre som nyttar butikkar og tilbod på Rauland.



Ein om gongen: Torstein Kongshem pussar opp eit hus kvart år, og med 25 bygningar tek det tid å koma gjennom alle. I år er det stallen som får vedlikehald. Foto: Åshild Emma Solbjør

Kjem for å få fred og ro

I lia ovanfor Lognvik-gardane ligg det også eit hyttefelt med kring hundre privateigde hytter som for det meste er frå 1970-talet. Dei har ein enkel standard og ligg plassert slik av kvar av dei er for seg sjølv.

Fleire av hytteeigarane har skrive eigne høyringsuttalar til skytebanenplanen, og i tillegg har hyttevelforeininga uttalt seg. Alle er dei bekymra for kva støyen frå skarpe skot vil gjere med det fredelege området – og med marknadsverdien på hyttene.

– Det er unikt med dette hyttefeltet. Det er noko heilt anna enn dei urbaniserte hyttefelta i Holtardalen og på Vierli, seier Kongshem. På Lognvik Søndre har dei meir enn femti års erfaring med turisme, og

Artikkelen held fram under annonsen.

– Hit kjem folk for å få ein fredeleg ferie, seier Kongshem.

Både han og nabobonden er også uroa for kva ein skytebane vil ha å seie for sjølve Lognvikvatnet, som i motsetning til Totak og Møsvatn ikkje er regulert.

– Det er det siste vatnet som ikkje er rasert. Me må ta vare på det.

Vil vurdere andre alternativ

Drivarane av Lognvikgardane har gjennom åra opplevd at kommunen har vore ein god støttespelar.

– Me kunne ikkje ha satsa som me har gjort utan den støtta, seier Lognvik, som også påpeikar at han og naboen driv med to næringar som kommunen satsar på – husdyr og turisme.

– Det er midt i smørauget for kva Vinje er innretta mot. Eg håpar dei i kjem i hug det.



God støtte: Bjørn Lognvik er takksam for måten kommunen har stilt opp for Lognvikgardane, og håpar dei også vidare ser verdien i det dei driv med på desse gardane – landbruk og turisme. Foto: Åshild Emma Solbjør

– Ja, eg håpar det er ein glipp at denne planen har kome så langt som den har, skyt Kongshem inn.

Dei har begge forståing for behovet til skyttarlaget, men håpar at kommunen vil gjere ei grundigare vurdering der dei kjem opp med andre alternativ enn Gothol.

Artikkelen held fram under annonsen.

– Landbruk og turistar må gå framom.

Administrasjonen i Vinje har kome fram til same konklusjonen etter høyringa. Deira innstilling til plan- og miljøutvalet at kommunen ventar med å jobbe vidare med Gothol-planen, og at ein vurderer andre eigna område for skytebane før ein avgjer vegen vidare.

Plan- og miljøutvalet handsamar saka onsdag.




SKYTING

MEIR INNHALD FOR DEG



Ser mot Midt-Telemark i nytt PPT-samarbeid. - Rikken er alt klar og velfungerande 



250 eigedomar er selt i Vinje kommune til nå i år. Eit hotell kosta mest

Vest-Telemark blad


Nytt forsøk på å finne næringsutviklar



Starta skuleåret med ull 



Mangfald og synleggjering i Vinje kommune



Sommargjesten: Tor Eivind veit kva han ville synt ein fyrstereis i Vest-Telemark: - Dei er smykke, på ulike vis

PÅ FRAMSIDA NO



Planlegg skytebane side om side med freda gardstun, drektige kyr og over hundre hytter

annonse



I ni månadar har Hilda og Gudrun budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverte Bygdeheimen

Tormod Tveitan er død. - Ikkje bare ein sjef. Han var ein ven



Kommunedirektøren om økonomien: «Særs urovekkande tal!»

Lokalavisa for Seljord - Kviteseid - Nissedal - Fyresdal - Tokke - Vinje
Vest-Telemark blad
 Telemarks største lokalavis • Nr. 63 • 51. årgang • Tysdag 27. august 2024 • www.vtbn.no • Nr. 35

Dyrelsi- forbundet er bekymra
 Ikkje Hilda og Gudrun har budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverte Bygdeheimen

Blei meia ned av slåmaskin
 Ikkje Hilda og Gudrun har budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverte Bygdeheimen

Inviterer til Bygdepride
 Ikkje Hilda og Gudrun har budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverte Bygdeheimen

Inviterer pårørende på kurs
 Ikkje Hilda og Gudrun har budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverte Bygdeheimen

Mørke økonomiske skyer
 Ikkje Hilda og Gudrun har budd på studentheim. Nå har dei flytta inn att i den nyrenoverte Bygdeheimen

Joker Fyresdal
 Torsdag 29. august feirar me på bua fra kl. 15.00!
 LIVE-SENDING! Kven stikk av med 1. plass er det 5 regionaltidningar. Småttips: Kjøp kl. 14.00, ta med deg 100 kr. Kjøp kl. 15.00.

Les eAvisa



Kyrkja er blant støttespelarane når det for fyrste gong blir invitert til Bygdepride



Nå har kommunen tilsett ny lege

annonse



Det er dette som er ein perfekt sommardag for Runar



Fulldyrka mark eller myr? Dette svarar Statsforvaltaren om Hauglandsmyri



Løpet langs Nisser vart suksess. - Håpar løpet kan inspirere til å bruke den vakre naturen vår til mosjon og helsekjelde



Skal byggje ut barnehagen. - Har aldri hatt så mange interessentar

I denne butikken er det pensjonistane som styrer - og overskotet gjev dei til velgjerande føremål



I år er det 500 år sidan det blei drift i landets fyrste bergverk. Det skal bli feira

sommer, Kaja?» Tenk om hun neste år kunne fortelle at det var noen som tok henne med på sykling i Reinsparken i Edland, jettegrytene i Nissedal eller spille minigolf på Vierli

KRONIKK



Ser mot Midt-Telemark i nytt PPT-samarbeid. - Rigger er alt klar og velfungerande

annonse



Naboen, barnebarna eller søsken kan også vere pårørende - nå blir dei alle inviterte på kurs



Dysleksi-forbundet er bekymra: - Dei kastar PP-tenesta under bussen, og det går ut over elevane



Her vart Amund meia ned av ei slåmaskin. - Eg gjekk rett i asfalten

Tilbake til toppen ↑

Vest-Telemark blad

Ansvarleg redaktør:

Øystein Øygarden

Dagleg leiar:

Tor Arve Vartdal



© Vest-Telemark Blad. Alt innhald er opphavsrettleg beskytta. Vest-Telemark Blad arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. [Pressens faglige utvalg](#) [Redaktørplakaten](#) [Personvern og informasjonskaplar](#)

Kontakt

OSS

[Redaksjonen](#)

[Kundeservice](#)

[Annonse](#)

[Mi side](#)

[Kundesenter](#)

[Marked](#)

Besøksadresse

Kviteseidgata 22

3850 Kviteseid

Postadresse

Postboks 33

3836 Kviteseid

Opningstider

Sentralbord mån-fre:

08:30-15:30

Telefon: 35 06 88 00

Tasteval 1 for Sentralbord

Tasteval 2 for Abonnement

Tasteval 3 for Annonse/sal



Tips oss!

Din informasjon vil bli behandla konfidensielt og etter pressas regler for kildevern.